



### **Barnas verneombod – førebyggjing av vald og seksuelle overgrep**

Alle skular og barnehagar i kommunen skal ha ein representant som skal vere barna sitt verneombod. I større einingar må ein gjerne vurderer om det er behov for to representantar.

#### **Barnas verneombod bør vere ein person som:**

- Gjerne frå før er opptatt av og engasjert i temaet vald og seksuelle overgrep.
- Har lyst å engasjere seg i dette temaet, sjølv om ein kjenner ein manglar kunnskap. Kunnskap vil ein få undervegs.
- Ein som sjølv har lyst å ha denne rolla, og ikkje blir pressa til det mot sin vilje.

#### **Barnas verneombod skal samarbeide med leiar, som har ansvar for:**

- At ein held oppe temaet vald og seksuelle overgrep.
- At ein har eit årshjul for korleis ein skal arbeide med temaet, og følgje dette.
- Å sikre at ein har skriftleg rutine for kva ein gjer om barn fortel om vald eller overgrep.
- Å sikre at tilsette har kunnskap om teamet, kva ein skal sjå etter, kva ein skal gjere, og korleis ein kan gjennomføre den viktige samtalen med barn. – evt. melde på kurs.
- Sikre planlegging og gjennomføring av undervisingsopplegget – «e d greitt?»
- Sikre at føresette får informasjon om arbeidet og om barnas verneombod.
- Barnas verneombod deltek på to årlege samlingar (ei i semesteret) der ein møtar dei andre verneomboda for deling av erfaringar, refleksjon og fagleg påfyll.
- Sikra at barnehagen/skulen har barna sine rettar med seg i arbeidet med barna (barnekonvensjonen).



### **Barnas verneombod skal ikkje:**

- Vera den som har all undervisning i grupper/klassar, men kan gjerne være ein sparringspartnar
- Vera den personen som skal ta alle dei viktige samtalan med barn ein er uroa for, det er eit felles ansvar som alle må ha. Det er barna sjølve som vel kven dei er trygge på å fortelje til.
- Gå inn i saker som går på miljø/mobbing på individnivå (bortsett frå barn ein har ansvar for).

### **Info til føresette:**

Det bør være kjend i foreldregruppa at barnehagen/skulen har ein representant som er barnas verneombod. Det bør kome fram i informasjonen at barnas verneombod skal sikre barna sine rettar (barnekonvensjonen) og sjå til at barnehagen har fokus på å førebyggje og gje kunnskap om vald og seksuelle overgrep .

### **Ressurs:**

Barnas verneombod bør ha noko avsett tid til å arbeide med temaet. I tillegg til å delta på to årlege fagdagar i lag med dei andre verneomboda, bør den tilsette ha tid til å arbeida med dette.

### **Ressursgruppa**

Navn:

Telefon:

Teneste:

e-post:

Navn:

Telefon:

Teneste:

e-post: